

---

**Fra:** Postmottak Lindås  
**Sendt:** 13. august 2015 10:06  
**Til:** 'Ordfører Lindås'; Ørjan Raknes Forthun  
**Emne:** VS: Kunngjering om" Midlar til Unike Regionale utviklingsprosjekt" med søknadsfris 1. oktober 2015.  
**Vedlegg:** Etablerarfond for Hardanger\_Modul32.pdf; Handlingsprogram for næringsutvikling-2015\_Modul32b.pdf; MidlarTilUnikeRegionaleUtviklingsprosjekt\_mod22B-3.pdf

---

**Fra:** Kari Patricia Kleppe [<mailto:Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>]  
**Sendt:** 13. august 2015 10:02  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Emne:** Kunngjering om" Midlar til Unike Regionale utviklingsprosjekt" med søknadsfris 1. oktober 2015.

#### Til kommunane i Hordalane

**Ved ordfører, rådmann og ber om vidare formidling til aktuelle organisasjonar og institusjonar.**

### Midlar til Unike Regionale utviklingsprosjekt

Hordaland fylkeskommune ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.

Midlar for 2015 og 2016 vert lyst ut saman og utgjer om lag 10,5 mill. kr, forutset uendra ramme i 2016. (erstattar dei tidligare "Konsesjonskraftmidlane")

Formål Midlane skal gå til regionale utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket.

Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn - lokalt som regionalt.

Kven kan søkje Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt.

Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må kunne dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

#### Søknadsfrist 1. oktober 2015.

Ein tek sikte på handsaming av søknadane i Fylkesutvalet 18.-19. november 2015.

Kva kan støttast Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen.

Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader.

Midlane er primært tiltenkt investeringsformål. Midlane skal ha ein utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.

«Midlar Til Unike Regionale utviklingsprosjekt»

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Naring/Midlar-til-unike-regionale-utviklingsprosjekt/>

## Andre midlar som vart kunngjort i juni og som er utan søknadsfrist:

Hordaland fylkeskommune har i år 18 millionar kroner til delfi nansiering av utviklingsprosjekt i Hordaland. Mål, strategiar og innsatsområde for bruk av midlane står i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015 (HNN) Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn.

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Naring/tilrettelegging-for-naringsutvikling/>

«Etablerarfond for Hardanger» Hordaland fylkeskommune har oppretta ei ordning med tre regionale etablerarfond. Den totale ramma for fonda er på 2 000 000 kroner for 2015.

Målgruppe er ny-etablerte verksemdar eller prosjekt som vil føre til etablering av ei verksemd. Også enkeltpersonforetak kan søkje om tilskot på inntil 50.000 kroner

Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd. Tilskot frå etablerarfondet skal bidra til gjennomføring av naudsynte tiltak i tidleg oppstartsfase, og gje gründaren kompetanse om marknad og økonomi. Ta kontakt med forvaltaren av etablerarfondet for meir informasjon og rettleiing:

Etablerarfond for Sunnhordland ved Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS,

Etablerarfond for Hardanger ved Hardangerrådet IKS og Etablerarfond for Bergensregionen ved Business Region Bergen AS

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/Naringsnytt/Etablerarfond-for-Hardanger-Sunnhordland-og-Bergensregionen/>

Venleg helsing

**Kari Patricia Kleppe**

Spesialrådgjevar

Regional | næring

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 95 68 | Mob: 90993968

Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

[www.hordaland.no/naring](http://www.hordaland.no/naring) | [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)